

# Fram med utsikten

Viss du har kjørt Gullvegen mellom Mølstrevåg og Hovda, vil du ha merka at ein ryddejobb er i gong. Det same vil du sjå dersom du har spasert ut til Ryvarden, kjørt til Lyngholmen – eller tatt turen til bunkersane på Nesheim.

Den siste tida har me sett oransje-kledde menn og ei kvinne i aksjon på Nordsjøløypa mellom Nesheim og Hovda. Kva er det som skjer, og kven er det som har fått den gode ideen om å få fram utsikt til fjord og fjell?

Ein dag då eg høyrdé motorsaga dura, tok eg turen og fann tre menn og ei kvinne i full gong med å fella småtre og buskar på Nordsjøløypa. Dei fire som var i arbeid denne dagen, var ganske så internasjonale, Mateusz og Marcin frå Polen, Cordula frå Tyskland og Nazar frå Sudan. Tarald frå Norge var også med i gjengen, men var ikkje med denne dagen. Dei fire kunne fortelja at dei var i arbeid for Etne-buen Leif Grindheim. Og kvifor har sistnemnde sett igong denne ryddejobben langs Sveio sin vestkyst?

## Tilskot til arbeidet

Leif Grindheim kunne fortelja at han hadde utført liknande jobbar i Ølen og Etne. Så var han blitt kontaktat av Espen Solberg Havnerås – med røter på Lyngholmen. Ville det ikkje vera

fint å få vekk buskar, tre og kratt langs vegar og stiar ved Bømlafjorden? Grindheim tykte ideen var god, søkte fylkesmannen om tilskot til å setja i gong arbeidet. Han fekk positivt svar og tok dermed kontakt med grunneigarane langs nemnde stader. Kven er ikkje glad for å få vekk nokre tre – til og med utan å måtta gjea jobben sjølv? Fint rydda er det også etter arbeidet, greiner og småkratt blir flisa opp, veden lagt fint i haugar. Og mange stader er utsikten kommen fram igjen. På rasteplassen på Hovda kan du setja deg ned og verkeleg nyta utsikten over Bømlafjorden anten sjøen er roleg eller opprørt. Her kan du få med deg ein flott solnedgang – som me har hatt mange av i år.

## Beitedyr trengst

Arbeidet er endå ikkje ferdig. Dei skal rydda heilt inn til Buavåg – med avstikkarar på Gullstien ut til gruvane på Hovda, og langs den gamle skulevegen mellom Hovda og Bua.

Så fint som det blir etter denne jobben, skulle ein ønskja det også vil vera i framtida! Og det vil det nok også vera der dyr beitar. Men der det ikkje går dyr, vil nok buskar og kratt snart veksa opp igjen! Så bønder og grunneigarar: Skaff dykk nokre sauer og la me få behalda den fine utsikten som er rydda fram nå! Og til alle de andre: Finn fram tur-sko og/eller fiskestong og legg i veg på stiane her vest!

Av Astrid Hovda



Dei to polske arbeidarane, Mateusz og Marcin

